

Emne:	Referat frå skulebesøk på Voss gymnas og Voss husflidskule, 18.3.16	
Til stades:	Frå skulen: ass. rektor VOG/dgl.l. VOH Håvard Styve, avd. leiar idrett Astrid Egge, fagleiar Arild Een, sportssjef toppidrett Knut Steinar Skiple, elevinspektør Terje Lydvo, rådgivar/prosjektleiar Helge Finne, ATV-UDF VOG Anne Karin Dugstad, styremedlem UDF VOH Arnstein Haugum, elevrådsrepr. Eila Fjose og Daniel Ekerhovd Lid. Til del B1 deltok også: lærarane Ingrid Sponheim, Grethe Dagestad, Kristin Garatun og elevane Peder H. Klyve, Kristi Prestegård, Guro B. Rio, Siri Brekklus og Nina Elise Hjartholm. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Annbjørg Laupsa og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik	
Forfall:	Rektor Unn Fauskanger, avd. leiar Knur Brunvoll, avd. leiar Nelly Nora Naasen	Sak: 2016/300-10
Møtetid:	0945-1300	Møtestad: Voss gymnas

Møteleiar: Annbjørg Laupsa
Referent: Tor Ivar Sandvik

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdsbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Voss gymnas og Voss husflidskule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde

- 1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:**
Trekantmøte og klasseteam

Trekantmøte

Skulen presenterte korleis det er blitt jobba med trekantmøte i år, med utgangspunkt i utlevert modell. Med trekantmøta ønskjer skulen å styrke kommunikasjon mellom elevar, lærarar og leiing for å styrke lærings- og klassemiljøet. Dette skal virke førebyggjande i ei krevjande omstillingsperiode og redusere fråfall. Skulen har hatt eitt trekantmøte i haust og skal ha to i vår.

Dei ulike klassane har førebuande møter kor saker ein ønskjer å løfte inn i trekantmøta blir drøfta. Trekantmøta startar med å løfte fram det positive ved klassemiljøet. I etterkant blir sakene igjen lagt fram i klassane. Modellen gjer at dialogen mellom elevar, lærarar og leiinga blir opplevd som god. Det er godt engasjement i klassane, elevane tør å seie si meining og løftar fram utfordringar dei ser.

Ein opplever at møta er konstruktive og eit godt supplement til elevrådsarbeid. Det blei nemnt at trekantmøta gjer elevrådsarbeidet betre gjennom at elevane føler dei kan ta opp tema det er vanskelegare eller mindre naturleg å ta opp i elevrådet. Trekantmøta har fått ein tydelegare struktur i år som gjer at ein lettare kan løyse eventuelle utfordringar før dei får utvikla seg.

Det blei nemnt at sjølv om det ikkje er konkrete saker å ta opp i trekantmøta er det positivt at arenaen er der og at lærarane er tilgjengelege.

På spørsmål om elevane trur trekantmøta kan auke læringsutbyttet, stadfestar dei det så lenge møta kan medverke til auka tilpassa opplæring. Det er mogeleg å diskutere fagnivå utan å diskutere person, sjølv om dette var løfta fram som ei potensiell utfordring.

Innhald i trekantmøta er eitt av grunnlaga for klasselærarråda og leiinga kjem då tettare på elevane og deira kvardag.

Klasseteam

Klasseteam er eit utviklingstiltak inneverande år. Teama er ein arena for lærarane som har fellesfag i dei ulike klassane. Gjennom innspel frå lærarane kom det fram eit behov for å jobbe vidare med klassemiljø. Kontaktlærer har ansvar for å kalle inn og skrive referat. Fellestid på måndagar blir nytta. Eitt døme på arbeid i klasseteama var samkjøring av prøveplan då nokre lærarar hadde ein privat praksis.

Det er ikkje alltid konkrete saker å ta opp i teama, men det er likevel verdifullt for lærarane å møtast. Informasjon og referat frå møta blir lagt ut på ITSL slik at lærarar som ikkje har høve til å delta likevel får naudsynt informasjon. Kontaktlærarane blei oppmoda til å lage innkalling slik at faglærarane har høve til å førebu seg til møta.

Saker som gjeld heile klassen blir prioritert. Det blir sett opp ekstra møte for høve som gjeld enkeltelevar, i tillegg til at ein har ressursteamet.

2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdypa: *Helsefremjande skule*

Prosjektleder Helge Finne la fram organisering og arbeid med helsefremjande skule. Kick off for prosjektet var hausten 2015.

Medlemar i prosjektgruppa har delteke i kompetanseheving arrangert av opplæringsavdelinga, som famnar om dei tre fokusområda kosthald, fysisk og psykisk helse. Skulen byggjer kompetanse gjennom å delta i prosjektet. Ombygging på skulen gjer det utfordrande å drive prosjektet.

Elevrådet ved VOG/VOH har gjennomført eit todagars seminar der det var drøfta kva tiltak skulen har i prosjektet, kva ein skal satse på vidare og kva ein kan gjere betre.

Prosjektet er forankra i leiinga, elevrådet, AMU, ressursteamet og i personalet. Det blei nemnt i møtet at kollegiet har fått eigarskap til prosjektet.

I fokusområdet kosthald/hygiene blei det gitt døme som at elevane på Vg1 har hatt kosthaldskurs og jobba i grupper med å lage sunne måltid. Skulen har søkt om midlar til gratis skulefrukt og midlar til kantinedrift. Antibakk er sett ut i alle klasserom og fellesareal.

Arbeidet med fysisk helse blir støtta opp av idretts- og helsekulturen ved skulen. Det er oppretta to lågterskeltilbod for elevane, der ein av aktivitetane er ballspel. Ei utfordring er at dei som kanskje treng

tilbodet mest ikkje stiller. Skulen har også t.d. kjøpt inn 16 havkajakkar, som primært er retta mot idrett/toppidrett. Fleire tilsette ved skulen skal sertifiserast slik at dette blir eit breiare tilbod. Som ein del av skulen si fag- og timefordeling kan elevar på ST velje fem timar idrett i veka. Dei siste åra har dette tilbodet vore fullt.

Skulen driv også sykle/gå til skulen-aksjonar, og har gjort dette i nokre år. No sjåast det også i samanheng med prosjektet. Skulen vil ha data på om aktivitetane har auka som ei følgje av prosjektet først til sommaren.

I temaet psykisk helse er det eit stort fokus på klasse- og skulemiljø, t.d. gjennom satsing på trekantmøte og klassemøte, jf. pkt. B2. Gjennom «Rett tiltak til rett tid» har skulen samarbeidd med BUP og diskutert anonymiserte elevsaker.

Skulen samarbeider tett med kommunen om førebyggjande tiltak knytt til rus og psykiatri. Det blei drøfta om dette kan vere noko å marknadsføre for å synleggjere det arbeidet skulen gjer for ungdommane.

For å inkludere alle tilsette, har skulen søkt om AktivKvardag-midlar, og har gjort det over fleire år. Tre lærarar har ansvaret har opplegget som inkluderer både reinhaldarar, merkantilt personale og vaktmeister.

Elevane i møtet opplever at dei merka at skulen satsar på prosjektet gjennom t.d. at dei får nytte gymsalen etter skuletid. Samtidig oppmodar dei skulen om å informere tydelegare om tilboda ved skulestart slik at alle elevane blir informerte om tilboda.

C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**

- ungdomsskule – vidaregåande opplæring
- mellom nivåa i vidaregåande opplæring
- mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv

VOG/VOH samarbeider med ungdomsskulane for å gi elevane eit godt grunnlag for å gjere val. Utprøvd dagar og marknadsføring er viktige tiltak for å førebygge feilval. Ei utfordring som blei løfta fram var knytt til teoritung opplæring på MDD og rådgiving i ungdomsskulen. Ein ser at mange MDD-elevar gjer omval etter Vg1, og kanskje er dei ikkje førebudd på dei faglege krava som dei møter på Vg1.

Overføringsmøte og rådgivarmøte skal sikre overføring av relevant informasjon om elevane. Fagsamarbeid mellom ungdomsskulen og vidaregåande blei nemnt som eit tiltak som burde bli innført igjen.

På temaet overgang mellom trinna i vgs blei det løfta fram at det er avgjerande i kva grad eleven har kome inn på førsteønsket sitt. Skulane har mange hybelbuarar eller elevar med lang reiseveg, noko som blir ein avgjerande faktor om eleven har manglande motivasjon for utdanningsprogrammet. I diskusjon rundt motivasjon blei det også løfta fram av elevane at deira eigen motivasjon i stor grad styrast av læraren si evne til å formidle faget og motivere elevane.

Skulehelsetenesta opplevast som god, men elevane i møtet gir uttrykk for ein bør bryte ned barrierane knytt til å oppsøke helsesøster. Det blei reflektert rundt at ungdommar kanskje spelar eigne utfordringar ned til

noko trivielt det ikkje er verdt å samtale om. Dei største utfordringane er likevel knytt til elevane på hybel, som ein ikkje får kontakt med.

- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**

ATV viste til venta stortingsmelding og uro rundt moglege nedprioritering av generell del av læreplan. Skulen skal skape gode samfunnsborgarar og då må ein sjå vidare enn berre enkeltfag/faglæring.

Gjennom analyse av Elevundersøkinga hausten 2015 ser ein at variabelen *trygt miljø* skårar grønt (frå gul+ hausten 2014). Ein håpar at dette skuldast utviklingsarbeidet. Det er heller ingen elevar som rapporterer å ha blitt mobba dei siste månadane. Dette er gode resultat og viser at elevane opplever trygghet og gode læringsrammer.

Skulen har dette året gjennomført lokal undervisningsevaluering og har landa noko av støyen ein har fått gjennom ei sentralt planlagd evaluering. Kritikken har gått på metodiske høve rundt utforming av spørsmål, svaralternativ og snittvising. Det er avtalt at kvar lærar skal ta med seg eigne resultat tilbake til klassen, men det var uvissheit om alle lærarane har gjort det.

Skulen viser elles til gode tal på gjennomføring og lågt frávær. Forskriftsendring gjer at nye fráværreglar trer i kraft frå hausten, men det vil ikkje føre til særlege endringar i korleis leiinga og lærarane jobbar med å halde fráværet lågt. Utfordringa blir korleis ein nasjonalt, regionalt og mellom skulane handhevar reglane – om det blir lik tolking og oppfølging.

Sportssjef for toppidrett greidde ut om gode rammevilkår og treningsvilkår. Ei sentral tilnærming er at faget ikkje berre skal vere ein konkurranse. Ikkje alle kan bli toppidrettsutøvarar, og fagleg utvikling på ulike nivå er viktig. Programfaglærarane er også tydeleg på at fellesfaga er viktige og sentrale i opplæringa.

- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Det blei vist til utvikling på sentrale variablar i Elevundersøkinga og moglege samanheng med korleis skulen jobbar med læringsmiljø og elevmedverknad. Mellom anna blei det nemnt at ordensreglane og at elevane må variere kven dei sit saman med kan ha effekt. Trekantmøta er også eit sentralt grep for å auke elevmedverknad og som ei kjelde for å løfte fram elevane sine erfaringar med opplæringa. Mellom anna blei det eksemplifisert at behov for variasjon av undervisninga kom fram gjennom desse møta.

Det opplevast viktig for skulen å ta utgangspunkt i data som kjem fram gjennom ulike brukarundersøkingar og ha ei kvalitativ tilnærming til resultatata gjennom å undersøke og drøfte kva resultatata betyr for skulen og den enkelte. På den måten blir dataa ei kjelde for kvalitetsvurdering og -utvikling.

Jamfør elles punkt B.

D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Utviklingsarbeidet inneverande år er kollektivt retta og ikkje individuelt. I omstillingsfasen skulane står i er personalet og elevane sine behov det sentrale.

Vidare utviklingsarbeid i Nye Voss gymnas må skje i samarbeid med dei andre tilsette som skal bli ein del av den nye skulen. Det blei lagt fram eit førebels arbeid med det nye styringsdokumentet der den

pedagogiske plattformar er brote ned i ulike underoverskrifter. Det er positivt at skulen har starta arbeidet med å kontekstualisere dokumentet, og sjå på kva dette betyr for arbeidet på alle nivå i skulen.

E. Oppsummering og evaluering

Skulebesøka blir opplevd som positive og ein fin måte å drive oppfølgingsarbeid på. Dialogen opplevast som god. Elevane har ei viktig rolle i desse besøka og fekk skryt for aktiv og konstruktiv deltaking. Skulen har også stor nytte av eigen prosess i forkant av besøka.

Fleire trekte fram trekantmøta og verdien denne strukturen har. Skulen har ikkje lukkast heilt med at alle elevane opplever møta som verdifulle, og ein vil i framtida sjå på innhaldet i trekantmøta for å vidareutvikle samspelet mellom nivåa på skulen. Dialogen med elevane er avgjerande. Skulen fekk likevel skryt for at trekantmøta ikkje er «døde strukturar», og at ein i fleire tilfelle kan vise til konkrete effektar av møta.

Skulen har kome godt i gang i arbeidet med nytt styringsdokument. Skulen har ei tilnærming til utviklingsarbeidet der ein analyserer kvantitative data for å vurdere eigen praksis og stille dei gode og relevante spørsmåla.

Gode møteplanar blei nemnt som ein viktig reiskap for å leie utviklingsarbeidet framover. Planar som er nedfelt skriftleg blir lettare å gjennomføre og følgje opp.

Referatet er godkjent av:

**Ass. rektor Håvard Vambheim Styve
Regionleiar Annbjørg Laupsa**